

# TEKNOJENTEDAG PÅ VITEMEIR

**7. MARS**  
**10.00-14.30**

Velkommen til jenter frå  
ungdomsskulane og VGI i Sogn!



Skulane melder på deltakarar  
samla innan **13. februar 2025**



## BLI MED PÅ EIN DAG FULL AV:



**Teknologi**



**Inspirasjon** frå jenter som jobbar  
eller studerer innanfor tech!



**Testing og meistring**



VESTLANDSFORSKING

vitemeir

Vestland  
fylkeskommune

Sogn Næring

Årdal  
Teknologipark

System for  
styrka læring  
Barnehage- og skuleutvikling i Sogn regionråd 2013 - 2021

SOK

Høgskulen  
på Vestlandet

Digdir

Hydro

Sognarådet  
interkommunalt politisk råd

# Velkommen til TeknoJentedag for jenter frå ungdomsskulane og VG1 i Sogn!

**Prosjektet Teknojenter inviterer unge jenter (ungdomsskule og VG1) i Sogn til ein spennande teknologidag på ViteMeir 7. mars 2025 kl. 10.00–14.30.**

Teknologifag spelar ei nøkkelrolle i næringslivet i Sogn, og behovet for teknologikompetanse er aukande. Skal me sikra verdiskaping og omstilling i det digitale og grøne skiftet, treng me at fleire unge – spesielt jenter – vel teknologirelaterte utdanningar og yrke.

For å møta denne utfordringa, har eit sett aktørar i Sogn drege i gang rekrutteringsprosjektet “Teknojenter”. Prosjektet er leia av Vestlandsforskning, og i tillegg er det med store verksemder og nøkkelaktørar frå heile Sogn. Målet er å utvikla gode praksisar som motiverer jenter til å velja teknologifag, og dermed bidra til auka mangfald og inkludering i teknologibransjen. Meir om prosjektet TeknoJenter kan du lese hjå Vestlandsforskning [her](#).

## Praktisk informasjon:

- Målet med denne dagen er å dykka djupare ned i kva som motiverer jentene til å velja teknologifag, og gje dei inspirasjon og meistring gjennom dagen. Det blir inspirasjonsforedrag med kvinnelege rollemodellar, stasjonar med praktisk, teknologi-basert moro og høve til både testing og meistring. Me vil gjennom dagen samla inn svar frå jentene sjølve på spørsmålet «Kva vil motivere deg til å gå for ei teknologiutdanning?»
- Målgruppa er ungdomsskulejenter og VG1-jenter. I tillegg oppmuntrar me til deltaking frå lærarar, rådgjevarar og gjerne foreldre, som kan vere ein viktig heilagjeng rundt jentene.
- Elevane tek med eiga niste, elles er det mogleg å handle mat i SmakeMeir-kafèen.
- Me ordnar med busstransport til og frå skulane. Meir informasjon blir sendt ut til kontaktperson ved skulane når det nærmar seg.
- Skulane melder på jentene og lærarar/rådgjevarar samla. **NB: Frist for påmelding er 13. februar 2025.**
- **Påmeldingsskjema finn du her:** <https://www.sognnaring.no/arrangementsliste/202537-teknojentedag-p-vitemeir>.

Ved spørsmål, ta kontakt med Frida frå Sogn Næring, [frida@sognnaring.no](mailto:frida@sognnaring.no) eller prosjektleiar Torunn Hønsi hjå Vestlandsforskning, [tho@vestforsk.no](mailto:tho@vestforsk.no)

Velkommen! Helsing aktørane i prosjektet Teknojenter

